


Andre korsryggsmerter

Med andre korsryggsmerter (lumbago) meiner vi her ryggsmerter, der det ikkje er aktuelt med operasjon. Pasientar med slike smerter utgjer ein relativ stor del av pasientane innlagt på ortopedisk avdeling. Innlegging kan vere nødvendig for tilstrekkeleg medikamentell smertelindring, og utgreiing av smerteårsak for planlegging av vidare behandling. Dersom det ikkje er indikasjonar for operasjon, og ved fare for utvikling av langvarige ryggsmerter, kan tilvising til fysioterapi eller fysikalsk medisinsk behandling bli aktuelt for rettleia trening, informasjon og behandling. Dei fleste pasientar med korsryggsmerter blir friske innan noke månadar, men omtrent 40 % får ryggsmerter på nytt innan eit halvt år. Av dei som har ryggsmerter for første gang blir smertene langvarige hos omtrent ein %.


Bakgrunn

Andre korsryggsmerter er definert ved hovud- eller bidiagnose M54.4, M54.5, M54.8 eller M54.9 (ICD-10). Pasientar som er 18 år eller eldre er inkludert, med unntak for figur som viser kjønns- og aldersfordeling for pasientar innlagt for andre korsryggsmerter (alle aldrar).

Det er årleg i gjennomsnitt 2 500 personar som blir innlagt på grunn av andre korsryggsmerter i Noreg.



Samla tal innleggingar for andre korsryggsmerter, for heile landet i perioden 2012-2016. Pasientane er fordelt etter kjønn og i aldersgrupper.




Innleggingsrate: tal innleggingar for andre korsryggsmerter, per 100 000 innbyggjar (18 år og eldre), fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdien per år for perioden 2012-2016 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for kjønn og alder.

Resultat

Innlegging for andre korsryggsmerter er meir enn dobbelt så vanleg i buområde Førde som i buområde OUS.

Det er store variasjonar i tal innleggingar per år i enkelte buområde. Innleggingsraten går spesielt tydeleg ned i buområda Telemark og Vestfold, og ser også ut til å minke på landsnivå.



Innleggingsrate: tal innleggingar for andre korsryggsmerter, per 100 000 innbyggjar (18 år og eldre), fordelt på buområde og landet. Innleggingsraten er gjennomsnitt for åra 2012-2016, med 95 og 99,8 % konfidensintervall. Ratane er justert for kjønn og alder.

Kommentar

Det er stor variasjon i innleggingsrate ved korsryggsmerter. Vi har karakterisert variasjonen i innleggingsrate som uønska fordi det er ikkje kjent at førekomsten av korsryggsmerter varierer tilsvarende mellom ulike deler av landet.